



Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Lindås - 217/1 - Romarheim - oppretting av grunneigedom - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 15.11.2019. Saka gjeld søknad om frådelling av teig av gnr. 217 bnr.1 med påståande naust. Den nye parsellen har eit areal oppgitt til omlag 400 m2.

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-føremål. Frådellinga krev at det vert gitt dispensasjon frå det generelle byggjeforbodet i strandsona, jf. pbl § 1-8. Del av arealet som er avsett til LNF-føremål skal delast frå til uendra bruk.

Fylkesmannen si vurdering

Fylkesmannen stiller spørsmål ved om ein kan nytta frådelling til uendra bruk i denne saka. Det dreier seg om å dele ifrå eit område kor det står eit naust som i dag er knytt til garden. Ved ei frådelling vil naustet bli fritt omsetjeleg og ikkje lenger knytt til garden. Eit naust vert rekna som ei ressurs for garden og det er uheldig å dele det ifrå. Etter det vi kan sjå er dette også det einaste naustet på eigedomen.

Kommunen må i vidare sakshandsaming gjere greie for kvifor dei meiner frådellinga dreier seg om frådelling til uendra bruk. Fylkesmannen er i utgangspunktet kritisk til å dele parsell med naust ifrå gardsbruket, fordi det er å rekne som ein resurs for garden. Frådellinga vil også kunne føre til byggjepress på parsellen.

Fylkesmannen ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

